

**To uskedelingar på sigerslaget i serieopninga**

15.04.2007

**To uskedelingar spela på laget då Rosendal/Uskedal vann serieopninga i 4. divisjon laurdag. Lars Johan Myklebust (spela heile kampen) og Jørgen Moberg (spela frå 70. minutt) var med og sørga for at det vart 2-1 over Halsnøy/Trio i strålande vårver på Rosendal Stadion.**

Det var Kenneth Gjuvsland og Håvard Sætrevik som sette inn måla til sigerslaget, begge i fyrste omgang, medan Erling Hansen reduserte for gjestene i 2. omgang.

Det heiter i rapportane at første omgangen var tam, sjansefattig og tenmposvak, Halsnøy/Trio skapre knapt nok målsjansar medan Rosendal/Uskedal var eit hakk betre. Men heller ikkje dei skapte noko særleg når ein unntar dei to scoringane.

Den store skilnaden på laga før pause var lynraske Gjuvsland. Først dribla han seg frå og scora på eit pent skot frå 20 meter. Så la han eit innlegg som spelande trenar Håvard Sætrevik steig høgast på.

Foran 2. omgang gjorde Halsnøy/Trio fem bytter og slepte til spelarar som kan vera aktuelle i cupkampen onsdag. Då gjestene scora etter eit kvarter venta mange eit stormløp mot heimemålet. HIL/Trio hadde eit klart overtak, men Rosendal/Uskedal rodde sigeren i land. Ballen gjekk i mål fem minutt før slutt, men dommaren annullerte etter duellar i feltet, heiter det på heimesida til Trio.

Av Ola Matti Mathisen